



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4792 - 22/68239

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
09.09.2022

## Søknad om deling og dispensasjon til uttale - gbnr 415/8 Nordanger

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan  
Byggjestad: Gbnr 415/8  
Tiltakshavar: Didrik Håland Solberg

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom rundt eksisterande våningshus. Tomta er rekna ut av sakshandsamar til å vera omlag 930 m<sup>2</sup>.

Gbnr 415/8 er registrert med eit areal på 452 da i matrikkelen og er bygd med mellom anna 2 bustadhus. Begge registrerte som våningshus i matrikkelen. Bustadhuset som no vert søkt frådelt vart oppført 1980/81.

Tilkomstveg vert sams med landbrukseigedomen. Søkjar har fått løyve hjå Vestland fylkeskommune-INV til utvida bruk av avkøyrsløse – fv. 5484.


Det vert oppgjeve at tanken med frådellinga er at familiemedlem skal overta huset.

Landbrukseigedomen gbnr 415/8 er i aktiv drift. Tomta som vert søkt frådelt er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.


### Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Radøy (KDP). Arealet inngår i område registrert som kjerneområde i vedlegg til KDP.


### Kart



Frå situasjonsplan



Gardskart



Oversiktskart



Ortofoto 2019

## VURDERING

### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF i KDP. Grunngevinga er i hovudsak at tomte ligg i hjørne av eigedomen, tomte har nødvendig infrastruktur som veg, parkering, vatn og utslepp. Som fordel med at det vert gjeve dispensasjon vert det argumentert med at det vert fleire innbyggjarar i området, betre vedlikehald av bygningar og frigjering av kapital til vidareutvikling av gardsbruket. Søkjar nemner også at det er ei ulempe at tomte vil grensa mot gardsbruk i aktivt drift.

Det er ikkje lagt fram erklæringar om private rettar, men søkjar skriv at dette vil bli regulert i eigen avtale.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 27.04.2022 for meir informasjon.

#### **Jordlova**

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde

#### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
Avdelingsingeiør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Tegning på flyfoto  
Tegning i Kart  
Disp. søknad

#### **Kopi til:**

Didrik Håland Solberg

Radøyvegen 3065

5939

SLETTA

#### **Mottakarar:**

Landbruk  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune

Postboks 4  
Njøsavegen 2  
Postboks 7900

5906  
6863  
5020

FREKHAUG  
LEIKANGER  
Bergen